



Trude Kartveit  
Bjørndalsskogen 188  
5170 BJØRNDALSTRÆ

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/3371 - 14/15834

Saksbehandlar:  
Reidun Iden Lædre  
reidun.i.ladre@meland.kommune.no

Dato:  
17.10.2014

## Godkjenning - riving av reidskapsbod og oppføring av ny gbnr 57/43 Sætreviksmarka.

**Administrativt vedtak. Saknr: 297/2014**

**Tiltakshavar:** Trude Kartveit  
**Søknadstype:** Søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-2

### **Saksutgreiing:**

Det vert vist til søknad, motteke 08.08.2014 i Meland kommune. Søknaden gjeld riving av reidskapsbod og flytting/oppføring av ny reidskapsbod på gbnr 57/43 i Sætreviksmarka . Ny reidskapsbod vert på om lag 17m<sup>2</sup>.

### **Vurdering:**

#### Planstatus:

Eigedomen ligg i kommuneplanen som område for fritidsbustader. Tiltaket krev ikkje dispensasjonshandsaming.

#### Nabovarsling:

Tiltaket er nabovarsla 22.06.2014. Det er ikkje motteke merknader til varselet og alle naboar har samtykka til tiltaket. Det er ikkje naudsynt med ytterlegare varsling i saka. Nabovarslinga vert rekna som tilstrekkeleg etter Pbl § 21-3.

#### Planløyving og utsjånad:

Tiltaket har forsvarleg planløyving og er i samsvar med Pbl § 29-1.

VEDTAK:

"Meland kommune gjev i medhald av Plan- og bygningslova (PBL) § 20-2 løyve til riving og flytting/oppføring av ny reidskapsbod på gbnr. 57/43 i samsvar med søknad motteke 08.08.2014.

Det vert vist til vedlagte kart og teikningar motteke 08.08.2014.

Opplysningar om bygget, - type bygg, areal, tiltakshavar/ansvarleg søker – som kjem fram i søknaden, vert registrert i matrikkelen, jf Matrikkelova.

Matrikkelen er det offisielle registeret for fast eigedom, bygningar, bustadar og adresse.

Tiltaket skal utførast i samsvar med vilkår gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova så fram det ikkje er gjeve unntak.

Dersom tiltaket ikkje er sett i gong seinast 3 år etter at løyve er gjeve, fell løyvet bort. Det same gjeld dersom tiltaket vert innstilt i lengre tid enn 2 år, jf Pbl § 21-9.

Meland kommune ber om at det vert meld frå når tiltaket vert starta opp og ferdigstilt.»

**Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

**Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 14/3371.

**1. Gebyr**

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste vert det følgjande gebyr i saka:

Kode	Skildring	Tal	Sum
10.3.1	Basisgebyr	1	Kr 5 300,-
	Totalt gebyr å betala		Kr 5 300,-

Gebyret skal vere betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato og før arbeidet kan setjast i gang, jf. pbl. § 21-4 (6).

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Reidun Iden Lædre  
konsulent

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Teikningar 57-43  
Situasjonskart 57-43  
Teikningar 57-43

**Mottakere:**

Trude Kartveit

Bjørndalsskogen 5170  
188

BJØRNDALSTRÆ